

KOMMENTARAR TIL SKISSER

	Punkt	
Generelt		<p>Føremålsgrænse for vegen og tilhøyrande anlegg til vegføremål, er merkt i teikningane med blå strek (omrisset av planen).</p> <p>Det er vert rekkverk frå Fyllingsneskrysset bort til avkøyrsla mot Fyllingsnesvegen 62-74. Frå avkøyrsla her går rekkverket vidare til busslomma sør for bensinstasjonen. På nordsida av vegen er det ikkje rekkverk på denne strekninga, før frå busslomma i retning mot bensinstasjonen</p> <p>Det er to skisserte løysingar som er omtalte nedanfor. Den første er ei 2,5 m brei skulder. Det er minstekravet for å kunne vedlikehalde maskinelt.</p> <p>Den andre løysinga er ein 1,0 m brei skulder, som omtala i vedteken reguleringsplan. Denne kan etablerast innanfor vedteken føremålsgrænse. På store delar av strekninga kan den gjerast breiare</p>
C101, 2,5 m skulder	1	Den skisserte løysinga syner at innkøyringa og første del av gangtilbodet går relativt langt utanfor føremålsgrænse og legg beslag på areal regulert til bustadføremål. Vedteken plan gjev ikkje grunnlag for erverv av naudsynt grunn her
	2	Eit 2,5 m breitt gangareal, kan i dette punktet kan krevje ytterlegare inngrep i bekkefare, med mogleg forlenging av stikkrenne, etablering av mur og sikring med rekkverk mot bekken
C102, 2,5 m skulder	3	For å ivareta tilstrekkeleg manøvreringsareal og siktsoner, må ein gå ut over føremålsgrænse og gjere inngrep i areal regulert til LNFR i vedteken plan. Det er ikkje undersøkt om løysinga krev ekstra gjerder/rekkverk og murar, så det kan kome i tillegg
C103, 1,0 m skulder	4	I tråd med krava i vedteken plan, er det prosjektert ei 1 m brei grusa skulder utanfor rekkverket, som kan nyttast av gåande. I Fyllingsneskrysset er vi marginalt utanfor føremålsgrænse
C104, 1,0 m skulder	5	Her er grusskulder trekt vidare mot aust og avsluttast med ein 1,0 m brei sti ned til gang- og sykkelvegkultverten, i tråd med krava i vedteken plan. Løysinga kan gjennomførast innan føremålsgrænse.